

GAMLE HARDANGERBANA

Høgde over havet: ca. 140 m

Lengd rundtur: ca 4,5 km

Høgdemeter: 126 m

Tid: ca.1 time ein veg

Gradering: Lett

Vegskildring: Kjør til Øvre Granvin og start ved undergang rett før Nesheim stasjon. Følg gamle Hardangerbanetraseen mot Skjervet. Etter å ha passert Målarebekken og Hjadlen (gard til Sveinung Såkvitne) kjem du til Såkvitnastoppen. Der var det stopp på Hardangerbana, men berre med tog frå Voss. Tog frå Granvin stoppa ikkje fordi det var for stor stigning. Vidare kjem du så til Vetletunellen der turkassa heng rett på utsida. Vegen vidare går opp mot steinbrotet til Granvin Stein (avstengd område). Du kan så ta skogsvegen ned (same veg som du går for å komme til og frå Njuk) forbi Såkvitno og vegen ned til Nyaløo (redskapshus), Der tar du av til høgge, og opp igjen på jernbanetraseen ved Såkvitnastoppen. (Dei lokale har ei eiga turkasse her). Derifrå går du ned same vegen som du gjekk opp, og tilbake til start.

Alternativt kan du parkere ved ungdomshuset i Øvre Granvin og gå herifrå fyrst opp til Såkvitne, og vidare på skogsvegen Lie mot Njuk. Då kjem du innpå sjølve jernbanetraseen, og kan fylgje den ned att om Vetletunellen der kassa står og heilt til endes. Till slutt må du gå asfaltvegen frå Nesheim og Seim Camping og tilbake til ungdomshuset. Dette vert ein lengre tur!

Turtips 1: Gå via Hardangerbana og vidare opp Lie til stølen Njuk og gå skogvegen ned att. Då får du ein bratt og flott rundtur- kan anbefalast

GOD TUR!